

**Arkiv:** <arkivID><jpID> FA-X31  
**JournalpostID:**  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 05.11.2020

Saksframlegg

| Saksnr. | Utvalg             | Møtedato   |
|---------|--------------------|------------|
| 106/20  | Alver formannskap  | 12.11.2020 |
|         | Alver kommunestyre |            |

### Avtale om tenestetilbod – Alver og politiet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Alver vedtar å inngå i avtale om tenestetilbod med Nordhordland lensmannsdistrikt

#### Alver formannskap 12.11.2020:

##### Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

##### FO- 106/20 Vedtak:

Kommunestyret i Alver vedtar å inngå i avtale om tenestetilbod med Nordhordland lensmannsdistrikt

##### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjeraast i kommunestyret

##### Bakgrunn

Denne saka gjeld at Alver kommune inngår samarbeidsavtale om førebyggjande arbeid med Nordhordland lensmannsdistrikt.

##### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn:

Vidareutvikling av det førebyggande arbeidet er ein viktig del av politireforma. I samband med dette skal det utarbeidast ein gjensidig forpliktande avtale mellom politidistriktet og kommunane om tenestetilbod, politikontaktens rolle og politiråd. Føremål med avtalen er ei gjensidig forplikting på at det førebyggande arbeidet skal fungere best mogeleg, og avtalen skal skildra både kva politiet og kommunen kan bidra med i dette samarbeidet. Avtalen skal regulera arbeidet både på operativt og strategisk nivå. Avtalen skal tilpassa behovet i kvar enkelt kommune, men stort sett omhandle dei same tema.

##### Sentrale tema i avtalen:

- Deltaking i politiråd og beredskapsråd

- Deltaking i kommunen sitt psykososiale kriseteam og kommunale kriseleiing
- Samarbeid mellom kommunen og politikontakten
- Deltaking i kjernegrupper ved ungdomsskulane
- Bidrag frå politipatroljar ved hendingar og oppdrag
- Bidrag til trafikkontrollar og deltaking i det førebyggjande arbeidet med TSU (Trafikkfagleg samarbeidsutval)
- Førebyggjande arbeid ved større arrangement
- Førebyggjande arbeid mot barn og ungdom
- Bidrag i kommunen sitt konsultasjonsteam.

**Spesielle fokusområde:**

- KUBA ( nye kunnskapsbaserte utfordringar som oppstår )
- Kjernegrupper i kommunen sine ungdomsskular
- Ungdomsoppfølging / ungdomsstraff
- Trafikkførebyggjande arbeid
- Rusførebyggjande arbeid blant barn / ungdom

**Organisering og forventningar til samarbeidet**

Samarbeidet skal sikrast gjennom politiråd og gjennom politikontaktordning. Det er viktig med god samhandling som for eksempel i samband med politivedtekter, barnevern, trafikale forhold, rus-politisk handlingsplan og planarbeid i kommunen sett i et kriminalitetsførebyggande perspektiv. Politiet har forventning om at kommunen som samarbeidsaktør, bidrar til ein samordna førebyggande innsats mot kriminalitet og rusbelasta tfordringar.

**Vurdering**

Kommunen driv førebyggjande arbeid innanfor fleire av tenesteområda, og i dette arbeidet er politiet ein viktig medspelar og samarbeidspart. Avtalen om tenestetilbod legg eit godt grunnlag for samarbeidet på sentrale område som born/ungdom, rusførebygging, trafikksikring, beredskap og kriminalitetsførebygging. Rådmannen rår til at Alver kommune inngår avtale om tenestetilbod med Nordhordland lensmannsdistrikt.

**Vedlegg i saken:**

|            |   |         |
|------------|---|---------|
| 05.11.2020 | Vedlegg_avtale om tenestetilbod - Alver og<br>Nordhordland lensmannsdistrikt - framlegg | 1469648 |
|------------|---|---------|